



LEIKANGER JAKT- OG FISKEKLAG

ÅRSMELDING 2019

Årsmøte i lagshytta på Kleppa
torsdag 27. februar 2020 kl. 19:00



Isfiske på Dalavatnet i Sogndalsdalen.

Jakt-, fiske- og friluftliv-glede til alle – for alltid!

ÅRSMØTE

Lagshytta på Kleppa

torsdag 27.februar 2020 kl.19:00

SAKLISTE:

1. Godkjenning av møteinnkalling.
2. Val av møteleiar og skrivar.
3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen.
4. Årsmelding.
5. Rekneskap.
6. Val.
7. Val av 3 utsendingar til årsmøte i NJFF-Sogn og Fj.
Forslag frå styret: Sverre Fjøsne og Svein Inge Lundheim
8. Medlemskontigenten 2021.
Forslag frå styret: Ingen auke i 2021
9. Info. om aktivitetar i 2020.
- Aktivitetskalendar for 2020.
10. Innkomne saker.

**Etter årsmøtet vert det enkel servering,
og sosialt samver!**

Nye og gamle medlemar er velkomne!

Leikanger Jakt- og Fiskelag

ÅRSMELDING 2019

Styret har i 2019 vore samansett som følgjer:

Leiar: Svein Inge Lundheim
Nestleiar: Ole Simen Nesdal
Kasserar: Håkon Nesse
Sekretær: Kjell Erik Strand
Kvinnekontakt: Ingeborg Sivertstøl
Varamedlem: Sverre Fjøsne

I tillegg møter leiarane for utvala på styremøte (sjå side 5).

Ved årsskiftet hadde laget 251 medlemmer, som utgjer 10,7 % av innbyggjarane i Leikanger Kommune. Det er ein nedgang på 18 medlemmar i 2019.

Møte og samlingar:

Det er halde 2 styremøte der det vart handsama til saman 31 saker.

På årsmøte til Leikanger jfl i lagshytta på Kleppa den 28.februar, var det med 20 medlemmar.

Bjarne Sjøthun er styremedlem i Leikanger Frivilligsentral.

Leikanger jfl er representert i Sogn og Fjordane NJFF i året som har gått. Svein Inge Lundheim er leiar i jakttskyttarutvalet.

På «Foreningsløfte-møte» på Sogndal 22.januar var Kjell Erik Strand, Sverre Fjøsne, Håkon Nesse og Svein Inge Lundheim deltakarar.

Ved årsmøte i NJFF-Sogn og Fjordane 23.-24.mars i Florø var Sverre Fjøsne, Ingeborg Sivertstøl og Svein Inge Lundheim utsendingar frå Leikanger jfl.

Generelt:

I 2019 kan me også konstantera at året hadde vore eit positivt år for Leikanger Jakt- og Fiskelag. Til liks med åra før har det vore gjennomført ei rekke tiltak – me viser til ei oppsummering av aktivitetar annan stad i årsmeldinga. Men sett frå styret sin ståstad, har året vore prega av større konkurranse frå «Saften» og andre om deltakarane på aktivitetane. Det viser også at familieaktivitetar fortsatt samlar flest deltakarar. I framtida må laget gå inn i meir samarbeid med speidaren, Barnas Turlag og andre.

Laget har vist at det maktar å gjennomføre gode tiltak. Tilliten dette skapar gjev grunnlag for nye positive tilsegn. Styret nyttar høvet til å takke alle som bidreg i prosjekt og ulike aktivitetar. Økonomisk har 2019 også vore eit godt år. Det tryggar drifta på alle måtar. Samstundes har mykje av inntektene kome i form av tilskot til ulike aktivitetar, sjå nedanfor.

Gåver, tilskot og dugnadsinntekter:

Ei stor takk til våre samarbeidspartnarar som me har fått tilskot/støtte frå:

- | | |
|--|------------|
| • Norsk Tipping - Grasrotandelen | 24 683,-kr |
| • Mva-kompensasjon | 16 907,-kr |
| • Leikanger Kommune – kulturmidlane | 10 000,-kr |
| • Leikanger Kommune – skogrydding ved «Dagsturhytta» | 6 500,-kr |
| • NJFF- Støtte til villaksens år | 18 000,-kr |
| • NJFF- «Fiskesommer» | 8 000,-kr |

- NJFF- Frifond -Familieaktivitetar i 2020 20 000,-kr
- NJFF- Frifond - Barn- og ungdomsaktivitetar i 2019/20 21 719,-kr
- NJFF- «Jaktskyttarskule 2020» 5 000,-kr
- S og Fj. Fylke- «Fiskedagar med barnehagen» 30 000,-kr
- Sogn Avis – sponsoravtale med gratis annonsering inntil (eks.mva.) 20.000,-kr

I tillegg vil laget rette ei stor takk til Lerum, Osland Havbruk, E. Røysum, Små Livsgleder og andre bedrifter som bidreg med støtte til lagsarbeidet vårt.

Kurs, trening og konkurransar:

- Kvelpekurs- jakthund.
- Jegerprøvekurs – 14 deltakarar.
- Villaksens år - 4 kveldar med flugebitting.
- Hagleskyting m/instruksjon på leirduebana.
- Villaksens år – 4 kveldar med flugekasting.
- Jaktskyttarskule – gratis hagle- og rifleskyting(kal22)
- Skytetrening på jaktfelt.
- Kurs i aversjondressur (el.halsband) – 10 hundar.
- Villaksens år – sjøaurefiske.
- Åtejakt på rev.
- Fellefangst på mår.
- ”Indre Sogn Cup” (50 skot) i lag med Luster jfl.
- Lagsmeistarskap i jegertrap og sporting.
- Duellen mellom skyttarlaget, sportskyttarlaget og jakt og fiskelaget.
- Vårsprellen- sjøfiskekonkurranse.
- Fiskekonkurranse på Fjærlandsete.
- Hjortejakt-opplæringsjakt.
- Kurs i røyking av laks.

Som det går fram av oppstillinga over, har det vore hagleskyting på leirduebana. Instruktørar og standplassansvarlege på leirduebana har vore Odd Reksnes, Nils Olav Langeteig, Per Norstein, Håkon Nesse, Ole Simen Nesdal, Erlend L. Røysum og Svein Inge Lundheim.

Leikanger jfl arrangerte ordinær blodsporprøve 4.mai med 6 ekvipasjar påmelde, 5 møtte opp. Dommarar var Elin Anita Gjerde (NKK rep.) og Karsten Korneliussen (Prøveleder). Resultat: 2 fekk 1.pr. og 2 fekk 2.pr.

Leikanger Jfl har i 2019 hatt 4 bevegelege blodsporprøver og 6 bevegelege ferskspor. Elin Anita Gjerde, Karsten Korneliussen og Jan Inge Skjerven har vore dommarar på prøvane. NKK-rep. var Helge Alme og Prøveleder var Håkon Nesse.

Leikanger Jakt- og Fiskelag ynskjer å rette ein takk til dommarane Elin Anita Gjerde, Jan Inge Skjerven og Karsten Korneliussen som har bidrege stort i utdanningen av ettersøksdommarar for laget

På fiskekonkurransen på Fjærlandsete var det med 16 deltakarar. Tom André Husabø fekk flest med 9 stk og Kjetil Berg den største auren på 650gr. Gjermund Høgheim fekk den største auren på flugestang på 306gr. som gjev napp i vandrepokalen «Flugefiskaren».

Vinnaren av ”Vårsprellen” vart Magnar Sterri med ei lange på 2880gr. og ein totalfangst på 3575gr. I fiskeklubben vart Cesilie Lærum Gjöringbø best med ein totalfangst på 2495gr.

Odd Reksnes vart lagsmeister i jegertrap med 22tr. og lagsmeister i sporting med 14tr.

I «Våpenloftcup» jaktfelt vart Frode Husum vinnar totalt og i JA/JB klassen med 438p.

FM-jaktfelt: Frode Husum fekk sølv (189p). og Emil Røysum Skartun bronse (184p). Leikanger jfl fekk gull i lagskytingen (418p), med på laget var Frode Husum (150p), Emil Røysum Skartun (142p) og Erlend L.Røysum (126p).

FM-elgskyting: Frode Husum fekk sølv (91p).

FM-Nordisk jaktskyting: Erlend L. Røysum fekk bronse (300p)

Leikanger jfl fekk sølv i lagskyting (762p) og med på laget var Erlend L Røysum, Frode Ølmheim og Erik Svangstu.

Frode Husum fekk sølv og var beste jeger C i FM-elgskyting.

Erlend Loftesnes Røysum vart «Systronds beste skyttar» med 61 treff samanlagt. Han var også best på leirduebana med 22tr. og på 100M med 247p.(25tr) I pistolskyting var Jan Ole Reksnes best med 19tr. I duellen vann sportskyttarlaget lagkonkurransen med 306p, skyttarlaget vart nr.2 med 279p og jakt- og fiskelaget nr.3 med 266p.

I pridatorkonkurransen vart Jomar Slinde nr.1 med 1050p. (1 rev og 20 mår), Frode Ølmheim vart nr.2 med 295p. (3 ramnar, 8 kråker og 3 skjorer) og Bjarne Sjøthun nr.3 med 225p.(3 revar og 3 røysekattar). Premiane var gåvekort hjå Erling Røysum a/s på 1300,-kr, 1000,-kr og 700,-kr Premiane vart sponsa av Erling Røysum a/s , Systrond Grunneigarleg og Leikanger Jakt- og Fiskelag med 1/3 på kvar. I tillegg vart det trekt ut ein mörningsteimer til Øyvind Husabø og eit skyvelære og caps til Nils Olav Nygard.

Jaktprøvar og utstillingar for hundar:

Bjonnålia`s Luna, eigar Inger Ness og førar Vidar Frækaland: 1.pr. klubbmeistarskap kl.UK Gaularfjell. 1.pr Gaularfjellprøven kl.UK.

Frankmovangen`s Lina, eigar og førar Bjørn Monsen: 2.VK på Mjølfjell vinter.

Epleskogen`s Adam, eigar og førar Bjørn Monsen: 1.VK Mjølfjell vinter.

Alma Basta fra Sognalosen, Utstilling: Nordhordaland Hundeklubb Exc. CK. Cert. BIM.

Blodspor: Leikanger jfl. 2.pr. Ferskspor: Leikanger jfl. 8 poeng.

Nvch svch RL1 RL2 Fjordgløtts Bonnie, eigar og førar Elin Anita Gjerde: 6xck, 5x bir veteran, 1 pr.på rally konkurranse i kl.2, fleire best in show veteran, bis 3 spesial utstilling i Førde.

Spor: 2x prøvens beste hund, 2 pr. spor i Danmark.

Winston kisses off fire, eigar og førar Elin Anita Gjerde: 3x ck utstilling, 5x excellent, 1.pr. spor i Danmark, 3x1.pr. spor 3.beste hund, godkjent apert prøve, godkjent ettersøkshund (9 poeng)

Nye championer:

Winton Kisses off fire: Norsk Blodspor champion

Alma Basta: Norsk Utstillings champion

Medlemar som er ettersøksekvipasjar i *Sogndal ettersøkslag*: Odd Rune Våge med Aura og Alma Basta, Elin Anita Gjerde med Fjordgløtts Bonnie og Roald Lunde med Vossasvarten's B Anja.

Instruktørar, dommarar og taksørar:

Jegerprøveinstruktør: Ole Simen Nesdal, Håkon Nesse, Per Norstein, Kim Vidar Bakken og Odd Rune Våge.

Småvilttaksør: Kim Vidar Bakken.

Hagleinstruktør: Nils Olav Langeteig, Emil Røysum Skartun, Tom Debu Nesvåg og Svein Inge Lundheim.

Instruktørar aversjondressur: Kurt Langeteig, Bjørn Monsen, og Robert Brenden.

Rifleinstruktør: Bjarne Sjøthun, Odd Rune Våge, Erlend Loftesnes Røysum, Lars Jonny Røysum og Nils Olav Langeteig.

Hagledommar: Nils Olav Langeteig, Frode Husum, Emil Røysum Skartun, Tom Debu Nesvåg og Svein Inge Lundheim.

Ettersøksdommar: Elin Anita Gjerde.

Fuglehunddommar jaktprøver: Bjørn Monsen.

Utdanning av nye instruktører:

Grunnkurs jakthund: Ingeborg Sivertstøl, Odd Rune Våge, Bjarne Sjøthun og Thomas Hagen Moene.

Dressur instruktør: Ingeborg Sivertstøl.

Ettersøksdommar: Odd Rune Våge og Roald Lunde.

Andre aktivitetar:

Også i 2019 er ei lang rekke meir eller mindre tradisjonsrike arrangement gjennomført.

Desse er lista opp under.

Leikanger jfl har fortsatt «*partnerskapsavtale*» med alle 3 barnehagane i Leikanger Kommune.

Aktivitetane som inngår i avtalen er garnfiske i Sognefjorden om hausten og fiskedag i Pilavika på våren. I Pilavika fekk alle barna utdelt kvar si nye haspelstang frå jakt- og fiskelaget.

Leikanger jfl har også inngått ein «*partnerskapsavtale*» med 7.klassen i Leikanger Ungdomsskule.

Aktivitetane som inngår i avtalen er garnfiske i Sognefjorden om våren og stangfiskedag i småbåthamna om hausten.

Når mange av desse aktivitetane går på dagtid er det godt å ha ivrige pensjonistar og andre i medlemsrekkene som stiller opp og hjelper til. Stor takk til Sverre Fossen, Steinar Næss, Åsmund Espe, Arne Rosenlund, Per Sivert Nesdal, Kjetil Berg, Hans Kristian Amundsen, Andor Orrestad, Per Harald Søvik, Sverre Fjøsne, Øyvind Njøs, Arvid Njøs, Oddvar Lundheim, Bjarne Sjøthun, Kjell Erik Strand, Thomas Hagen Moene, Ronny Ertsland, Eivind Røysum, Svein Inge Henjum, Tom André Husabø og Svein Inge Lundheim.

- Isfisketur til Dalavatnet.
- Fiskedag med barnehagen i Pilavika. (Partnerskapsavtale)
- Garnfiske med barnehagen. (Partnerskapsavtale).
- Garnfiske med 7.klassen. (Partnerskapsavtale).
- Stangfiskedag med 7.klassen i småbåthamna. (Partnerskapsavtale).
- «Livet i Pilavika»
- Friluftsdag «Fri Moro» på Kleppa i lag med kommunen.
- Fiskesommer i småbåthamna: verving og utdeling av gratis fiskeutstyr til barna.
- På stenden vår på "Fruktbare dagar" vart det utdelt gratis smaksprøver av fisk og vilt.
- Det har vorte utført dugnadsarbeid på oppbygging av sjøbu i småbåthamna og skogrydding rundt «dagsturhytta» på Kleppa, om lag 8 har delteke. I fare for å gløyma nokon, vert ikkje nokon nemde.

Andre tilbod til medlemmene:

Leikanger jfl forhandlar «*Sportsman's pride*» hunde- og kattefør. Det er 4 typar hundefør i 15kg sekker som er til salg til medlemar i NJFF. I 2019 er det seldt ca.1710kg hundefør, ca.217kg kattefør og i tillegg kjem sal av førtønner og hundekjeks.

Leikanger Jakt- og Fiskelag har 15% rabattavtale for medlemene hjå Ering Røysum as. (gjeld jakt-, fiske- og friluftsutstyr).

Aluminiumbåten som Leikanger jfl fekk tildelt av NJFF i 2015, har påmontert ein 4Hk yamaha påhengsmotor. Båten ligg på plass nr.83 i vestre hamn til Leikanger Båtlag. Båtplassen er sponsa av Leikanger Båtlag. Båtansvarleg er Bjarne Sjøthun. Medlemar som ynskjer å bruke båten, må kjøpe seg nøkkel og booke seg inn på nettportalen til NJFF. Barnehagane får tilgang til båten når den er ledig. Båten vart lite brukt i 2019.

I desember gjennomførte me eit vellykka kurs i røyking av laks, med Kjetil Berg som røykesjef. Ca. 20 deltakarar var med på prosessen: filetering, salting, tørking, røyking og vakumpakking. Osland Havbruk sponsa 38 laks på 4-5kg til prosjektet.

Leikanger jfl har status som «rovviltbane». Det skal leggest til rette for treningskyting på store rovdyr som ulv, jerv og gaupe. I tillegg kan me arrangera «bjørneprøven». Det er laga 9stk stativ til dyreskivene som skal settast opp på høgre sida 100M skivene i Eivaldgjerde. Det er gjennomført prøveskyting men pga. av att me kom seint i gong fekk me problem med å finna ledig skytetid.

Leikanger jfl fekk tilbod på 7 stk hjorteløyver av grunneigarane i Huksdalen. Det vart jakta nesten kvar helg frå oktober og fram til jul av ca.10-12 jegrar og det vart felt 6 dyr. Hjortejakten i Huksdalen er godt egna til jaktopplæring.

I 2019 var det var 24 overnattingar i Trastadalshytta, inkl.2 med dugnad.

Lagshytta, grillhytta og leirduebana har vore leigt ut både til medlemmer, bedrifter og andre.

Samlinga av utstoppa dyr og fuglar i lagshytta på Kleppa består av: jerv, oter, raurev, gråspett, mår m/gauk i kjeften, sporvehauk, kattugle, tiur, nøtteskrike, 2 røysekattar, 2 dompappar, grønfinnk, storskarv, smålom, fossekall, 2 liryper, ravn, skjor, hornugle, orrhane, ekorn, siland, hjortekalv, kråke, orrhøna, grønspekk, nøttekråke, grevling og pinnsvin.

Utvala i 2019

FISKEUTVALET

Leiar: Jan Magne Vigdal
Medlem: Sverre Fjøsne
Medlem: Kjetil Berg
Medlem: Eivind Røysum

JAKTUTVALET

Leiar: Bjarne Sjøthun
Medlem: Per Olav Henjum
Medlem: Per Norstein
Medlem: Tom André Husabø

SKYTEUTVAL

Leiar: Per Norstein
Medlem: Tom Debu Nesvåg
Medlem: Svein Inge Lundheim
Medlem: Erlend Loftesnes Røysum

BARNE- OG UNGDOMSUTVAL

Leiar: Camilla Njøs
Medlem: Bjørn Ove Steig
Medlem: Inger Ness
Medlem: Kim Vidar Bakken

HUNDEUTVALET

Leiar: Bjørn Monsen
Medlem: Odd Rune Våge
Medlem: Vidar Frækaland
Medlem: Elin Anita Gjerde

LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

REKNESKAPEN 2019

	2019	2018	2017
UTGIFTER			
Medl.kontingentar	1 550,00	2 500,00	1 800,00
Kurs/møter/seminar/samlinger	10 593,80	23 734,81	20 402,64
Trastadalshytta		251,90	1 394,13
Drift leirduebane	36 083,05	32 842,85	42 098,00
Drift lagshytte	44 129,22	37 103,60	21 266,76
Nybygg/dugnadsarbeid	50 983,88	111 619,13	126 861,46
Jakt og fangst	23 075,00	25 075,00	12 066,50
Barn/ungdoms/familieaktivitet	24 161,07	22 119,14	27 511,39
Fiske-, hund- og jenteaktivitetar	4 967,60	3 401,62	4 558,00
Dyrefør	60 656,00	26 460,50	58 639,50
Diverse utgifter	36 864,66	66 155,64	93 377,53
Sum utgifter	293 064,28	351 264,19	409 975,91
INNETEKTER			
Medl.kontingentar	10 930,00	12 040,00	11 010,00
Kurs/møter/seminar/samlinger	34 615,00	33 330,00	19 220,00
Trastadalshytta	3 350,00	3 150,00	2 250,00
Drift Leirduebane	29 355,26	31 404,93	41 423,90
Drift lagshytte	18 059,53	11 996,62	10 220,00
Nybygg/dugnadsarbeid	58 306,00	22 500,00	4 000,00
Jakt og fangst	28 240,00	13 967,50	25 660,00
Barn/ungdoms/familieaktivitetar	81 719,00	49 627,00	48 403,98
Fiske-, hund- og jenteaktivitetar	23 907,74	10 941,00	7 900,00
Dyrefør	52 698,00	44 290,00	68 468,44
Diverse inntekter	22 317,04	24 596,00	37 343,00
Sponsor/Gaver/Norsk tipping/Bingo	32 785,19	57 989,05	170 709,21
Sum inntekter	396 282,76	315 832,10	446 608,53
Overskot/Underskot	103 218,48	-35 432,09	36 632,62
AKTIVA PR 31.12.2019			
Sparebanken Sogn og Fjordane	580 761,61	477 541,13	512 973,22
Flugestenger, haspelstenger og div.fiskeutstyr	20 803,00	23 114,00	25 682,00
Skot, duer, premiar, artiklar for sal	114 314,00	90 406,50	66 460,00
3 stk lavvo, div.leirutstyr, feller og flugebittingutstyr	16 854,00	18 726,00	20 807,00
Lagshytte, 3 stk kastarhus, vedhus-lager og grillhytte	1 930 000,00	1 930 000,00	1 930 000,00
Leirduekastarar m/ utstyr, omformarar (220/24V)	102 113,00	113 458,00	126 064,00
Videospelar, overhead, stativ, lerret, vakum, laminering	4 821,00	5 356,00	5 951,00
DVD, 1 stk projektorar, høgtalaranlegg, skrivar/kopi, 2 stk PC	14 553,00	16 170,00	17 967,00
5 stk hagler, luftgevær, salong, 4 hk motor	23 706,00	26 340,00	29 267,00
Utstoppa dyr og fuglar + boggihengar	91 991,00	102 212,00	83 125,00
Quick-telt, 2 stk el-halsbånd, 2 stk viltkamera	12 239,00	13 598,00	15 109,00
Kasse med kontantar	1 925,00	1 060,00	1 430,00
Dyrefør	41 220,00	23 345,00	32 320,00
Sjøbod førebels verdi		35 100,00	
Sjøbod utestående fordringar 3/4		33 300,00	
Sjøbod	100 000,00		
Sum aktiva	3 055 300,61	2 909 726,63	2 867 155,22
PASSIVA PR 31.12.2019			
Lån pr 01.01.2019	0,00	0,00	0,00
Avdrag			
Lån pr 31.12.2019	0,00	0,00	0,00
31.12.2019/28.1.2020			

Håke Nørve

Rekneskapen er revidert. Inntekter og utgifter samsvarende med bilag

Leikanger 11.02.2020.

Stein Fiskei

Styret og tillitsvalde i Leikanger Jakt- og Fiskelag 2019

Forklaring: A = på val 2020 B = ikkje på val 2020

Styret:

Kategori:	Verv:	Namn:	Forslag:	Telefonnr.:
B	Leiar	Svein Inge Lundheim		90605267
A	Nestleiar	Ole Simen Nesdal	<i>Attval</i>	99607677
A	Kasserar	Håkon Nesse	<i>Sverre Fjøsne</i>	99205044
B	Sekretær	Kjell Erik Strand		95191905
A 1år	Varamedlem	Sverre Fjøsne	<i>Kristian Slinde</i>	90639848
A	Kvinnekontakt	Ingeborg Sivertstøl	<i>Attval</i>	97106904

Jaktutval:

A	Leiar	Bjarne Sjøthun	<i>Attval</i>	90957245
A	Medlem	Per Olav Henjum	<i>Attval</i>	91333305
B	Medlem	Per Norstein		48182680
B	Medlem	Tom André Husabø		90886304

Fiskeutval:

A 1år	Leiar	Jan Magne Vigdal	<i>Eivind Røysum</i>	95259791
A	Medlem	Sverre Fjøsne	<i>Gjermund Høgheim</i>	90639848
B	Medlem	Kjetil Berg		90277167
A	Medlem	Eivind Røysum	<i>Andor Orrestad</i>	95927891

Skyteutval:

B	Leiar	Per Norstein		48182680
A	Medlem	Tom Debu Nesvåg	<i>Erik Svangstu</i>	99559925
A	Medlem	Svein Inge Lundheim	<i>Attval</i>	90605267
B	Medlem	Erlend L. Røysum		95870045

Barn- og ungdomsutval:

A	Leiar	Camilla Njøs	<i>Attval</i>	97092790
A 1år	Medlem	Bjørn Ove Steig	<i>Kristian Slinde</i>	90740719
A	Medlem	Inger Ness	<i>Attval</i>	92870410
B	Medlem	Kim Vidar Bakken		45255241

Hundeutval:

B	Leiar	Bjørn Monsen		90590848
B	Medlem	Odd Rune Våge		41295025
A	Medlem	Vidar Frækaland	<i>Attval</i>	95103226
A	Medlem	Elin Anita Gjerde	<i>Attval</i>	90953233

Revisor:

A		Sverre Fossen	<i>Sven Erik Vestby</i>	95841004
A 1år		Åsmund Espe	<i>Åsmund Espe</i>	90593596

Valkomite:

A 1år	Leiar	Inger Ness	<i>Rune Wolff</i>	92870410
A	Medlem	Rune Wolff	<i>Frode Ølmheim</i>	95176553



Planlagde aktiviteter i 2020

- 3.mars: Fuglekassesnekkering.
- 10.mars: Fuglekassesnekkering.
- 15.mars: Isfisketur til Dalavatnet.
- 20.-22.mars og 27.-29.mars: Jegerprøven.
- 1.april: Oppstart ny predatorkonkurransen.
- Laur/tors i mars: Oppstart jaktfelttrening.
- 26.april: Jaktfelt i Lundebotn i Jølster.
- Jaktskyttarskule: gratis hagle- rifleskyting
- Rovviltbane-bjørneprøven: lage terminliste (laurdagar)
- Leirdueskyting onsdagar etter påske.
- 10.mai: Livet i Pilavika.
- 24.mai: «Indre Sogn Cup» 50skot.
- 28.mai: Aversjondressur.
- 1.juni: Vårsprellen.
- 12.-13.juni: Feltstemne-pistol- Leikanger Sportskyttarlag.
- 14.juni: Fiskesommer.
- 23.juni: «Fri moro».
- 1.august: Fiskekonkurransen på Fjærlandsete.
- 23.august: Duellen med grilling.
- 28.-29.august: Feltstemne-pistol- Leikanger Sportskyttarlag.
- Lagsmeisterskap i jegertrap og sporting
- Hjortejakt-opplæringsjakt.
- Parteringkurs av hjort.
- Åtejakt på rev.
- Fellefangst på mår, røysekatt og mink.
- Røyking av laks/regnbogeaure.

Årsmøtoreferat Leikanger Jakt- og Fiskelag, lagshytta på Kleppa

27.februar 2020 kl.19:00

Desse møtte: Svein Inge Lundheim, Sverre Fjøsne, Elin Anita Gjerde, Ingeborg Sivertstøl, Bjørn Monsen, Ole Simen Nesdal, Håkon Nesse, Per Sivert Nesdal, Bjarne Sjøthun, Vidar Frækaland, Inger Ness, Atle Lunde, Tom André Husabø, Camilla Njøs, Rune Wolff, Kjell Erik Strand.
(16 stk.)

SAKLISTE:

1. Godkjenning av møteinnkalling.

Godkjent.

2. Val av møteleiar og skrivar.

Møteleiar: Svein Inge Lundheim

Skrivar: Kjell Erik Strand

3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen.

Val: 1. Håkon Nesse

2. Inger Ness

4. Årsmelding 2019

Godkjent

5. Rekneskap 2019

Godkjent

6. Val.

Innstilling frå valnemnda:

Styret:

Nestleiar	Ole Simen Nesdal	Attval
Kasserar	Sverre Fjøsne	Ny
Varamedlem	Kristian Slinde	Ny (for 1 år)
Kvinnekontakt	Ingeborg Sivertstøl	Attval

Jaktutval:

Leiar	Bjarne Sjøthun	Attval
Medlem	Per Olav Henjum	Attval

Fiskeutval:

Leiar	Eivind Røysum	Ny (for 1 år)
Medlem	Gjermund Høgheim	Ny
Medlem	Andor Orrestad	Ny

Skyteutval:

Medlem	Erik Svangstu	Ny
Medlem	Svein Inge Lundheim	Attval

Barne- og ungdomsutval:

Leiar	Camilla Njøs	Attval
Medlem	Kristian Slinde	Ny (for 1 år)
Medlem	Inger Ness	Attval

Hundeutval:

Medlem	Vidar Frækaland	Attval
Medlem	Elin Anita Gjerde	Attval

Revisor:

Sven Erik Vestby	Ny
Åsmund Espe	Ny (for 1 år)

Innstilling frå styret på valnemnd:

Leiar : Rune Wolff	Ny (for 1 år)
Medlem: Frode Ølmheim	Ny

Alle val vart gjort i samsvar med innstilling frå valnemnda.

7. Val av 3 utsendingar til årsmøte i NJFF-Sogn og Fj.**Bergen 21.-22.mars**

Forslag frå styret:

Sverre Fjøsne og Svein Inge Lundheim

Val av ein 3. representant står ope. Aktuelle kandidatar blir kontakta.

8. Medlemskontingent 2021

Framlegg frå styret:

Ingen endring av kontingenten for 2021

Godkjent.

9. Info. om aktivitetar i 2020.

- Gjennomgang av aktivitetar i 2020

10. Innkomne saker.

Ingen saker.

Årsmøtet slutt kl. 19.45

Servering av hjortekarbonadar laga av Kjetil Berg
Jaktfilm produsert av Per Norstein, vart vist

Underskrift:



Håkon Nesse



Inger Ness